



GAULAR KOMMUNE

Arkiv: FA-L32
Saksmappe: 18/1267
JournalpostID: 19/9775
Sakshandsamar: Hegrestad,
Trond
Dato: 13.08.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
119/19	Formannskapet	22.08.2019

Handsaming av klage frå Kartverket på adressenamn vedtatt 13.06.2019 i formannskapet

Rådmannen si tilråding:

Gaular formannskap tek klage datert 18.07.2019 frå Kartverket delvis til følgje og gjer følgjande vedtak om adressenamn:

Adressekode 1011 - namn vert endra frå Steiavegen til Steievegen
Adressekode 1607 - namn vert endra frå Sygnavegen til Sygnevegen
Adressekode 1624 - namn vert endra frå Alværvegen til Alvervegen
Adressekode 1631 - namn vert endra frå Tjønnelandsvegen til Tjørnalandsvegen
Adressekode 1658 - namn vert endra frå Løvfall til Løfall
Adressekode 1665 - namn vert endra frå Hovslåttsvegen til Hovslåttevegen
Adressekode 1679 - namn vert endra frå Andetjønnsvegen til Andetjørnsvegen

Klaga frå Kartverket som gjeld desse namna vert ikkje teke til følgje og vert å sende klagenemnda for stadnamnsaker:

Følling - namn på veg med adressekode 1630
Kapstad - namn på veg med adressekode 1639
Grøvlebakke - namn på veg med adressekode 1653

For grunngjevinga vert det synt til Kartverket si klage, samt rådmannen sine vurderingar. Vedtaket vert gjort i samsvar med § 5 og 12 i Stadnamnlova.

22.08.2019 Formannskapet

Handsaming:

Avd.ing. Trond Hegrestad møtte under handsaming av saka og svara på spørsmål. Det vart røysta over alle adressekodane.
Adressekode 1011 - namn vert endra frå Steiavegen til Steievegen

Røysting: Steiavegen vart vedteke med 4 mot 1 stemme.

Adressekode 1607 - namn vert endra frå Sygnavegen til Sygnevegen

Røysting: Sygnevegen vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Adressekode 1624 - namn vert endra frå Alværvegen til Alvervegen

Røysting: Alværvegen vart samrøystes vedteke.

Adressekode 1631 - namn vert endra frå Tjønnelandsvegen til Tjørnlandsvegen

Røysting: Tjønnelandsvegen vart samrøystes vedteke.

Adressekode 1658 - namn vert endra frå Løvfall til Løfall

Røysting: Løfall vart vedteke med 1 mot 4 røyster.

Adressekode 1665 - namn vert endra frå Hovslåttsvegen til Hovslåttevegen

Røysting: Hovslåttevegen vart samrøystes vedteke.

Adressekode 1679 - namn vert endra frå Andetjønnsvegen til Andetjørnsvegen

Røysting: Andetjønnsvegen vart samrøystes vedteke.

Følling - namn på veg med adressekode 1630

Kapstad - namn på veg med adressekode 1639

Grøvlebakke - namn på veg med adressekode 1653

Det vart røysta over desse 3 namna og Følling, Kapstad og Grøvlebakke.

Følling

Kapstad

Grøvlebakke

Desse vart samrøystes vedtekne

FS-119/19 Vedtak:

Grunngjeving frå formannskapet:

Namna er brukt av innbyggjarane og andre i lang tid og er innarbeidd i den daglege omtale av vegane.

Adressekode 1011: Steiavegen

Adressekode 1607: Sygnevegen

Adressekode 1624: Alværvegen

Adressekode 1631: Tjønnelandsvegen

Adressekode 1658: Løfall

Adressekode 1665: Hovslåttevegen

Adressekode 1679: Andetjønnsvegen

Følling - namn på veg med adressekode 1630

Kapstad - namn på veg med adressekode 1639

Grøvlebakke - namn på veg med adressekode 1653

Vedlegg i saka:

19.07.2019	Klage - vedtak om adressenamn - Steiavegen mfl. - Gaular kommune	187339
14.06.2019	Vedtak adressenamn ved omadressering og overgang frå matrikkeladresser til vegadresser	180467

Saksutgreiing:

Gaular formannskap vedtok den 13.06.2019 i sak nr. FS-088/19 adressenamn på vegar i samband med overgang frå matrikkeladresser til vegadresser.

Kartverket har, i samsvar med § 12 i stadnamnlova, ved skriv datert 18.07.2019 klaga på nokre av desse namna.

Kartverket har klagerett i samsvar med § 12 i stadnamnlova og har levert klaga til rett tid.

Kartverket skriv at dei fleste adressenamna kommunen har valt, er gode lokale namn med ein tilrådeleg skrivemåte. Dei skriv vidare at nokre av namna har fått ein skrivemåte som ikkje er i samsvar med primærnamnet, eller skrivemåten bryt med andre føresegner i stadnamnlova eller forskrifta. Desse bør kommunen vurdere på nytt, og Kartverket nyttar difor den formelle klageretten dei har etter § 12 i lov om stadnamn for å få ei ny vurdering i kommunen.

Lov om stadnamn (stadnamnlova) vart revidert den 21.06.2019 med verknad frå 01.07.2019.

Den reviderte lova legg opp til at kommunane no er noko friare både til å velje stadnamn og skrivemåten av desse. Lova opnar no opp for noko større variasjon i skrivemåten av eit stadnamn.

Slik rådmannen har forstått dette, så gjeld det namnet som sådann og ikkje samanstilling av desse, jamfør f.eks binde–e i samansetningar og liknande.

Følgjande namn, vedtekne av formannskapet den 13.06.2019 i sak nr. FS-088/19, har Kartverket klaga på:

Adressekode 1011 - Steiavegen
Adressekode 1607 - Sygnavegen
Adressekode 1624 - Alværvegen
Adressekode 1630 - Følling
Adressekode 1631 - Tjønnelandsvegen
Adressekode 1639 - Kapstad
Adressekode 1653 - Grøvlebakke
Adressekode 1658 - Løvfall
Adressekode 1665 - Hovslåttsvegen
Adressekode 1679 - Andetjønnsvegen
Adressekode 1686 - Hatlestad

For dei påklaga namna ovanfor der kommunen har valt ein annan skrivemåte enn i primærnamnet som er registrert i SSR, må kommunen enten gjere nytt vedtak i samsvar med primærnamnet, jamfør § 4 tredje ledd i lov om stadnamn, eller ta kontakt med Kartverket og reise namnesak for primærnamnet. Det gjeld «Alværvegen», «Følling», «Tjønnelandsvegen», «Kapstad», «Grøvlebakke», «Løvfall» og «Andetjønnsvegen».

For gards- og bruksnamn og naturnamn er det Kartverket som er vedtaksmynde. For namneformer som Kartverket påklagar av andre grunnar, kan dei trekke klaga dersom kommunen endrar vedtaket slik dei tilrår. Det gjeld i denne saka «Steiavegen», «Sygnavegen» og «Hovslåttsvegen». I motsett fall må kommunen handsama saka som ved første gongs handsaming med høyring lokalt og ny framlegging for stadnamntenesta, jamfør § 12 siste ledd i lov om stadnamn.

Dersom kommunen etter ferdig handsaming held fast på det opphavlege vedtaket, går saka til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg vedtak.

I saka om «Hatlestad», der Kartverket har varsla namnesak for primærnamnet, må endeleg vedtak om adressenamna setjast på vent til primærnamnsaka er ferdig gjennomført.

I saker der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal

skrivemåten i primærfunksjonen fastsetjast først. Dersom denne saka får som utfall ein skrivemåte i samsvar med det kommunen alt har vedteke, kan Kartverket trekke klaga. Alternativt må kommunen gjera nytt vedtak i samsvar med det som vert vedteke for primærnamnet.

Endeleg vedtak i stadnamnsaker kan ta opptil eit år.

Dei endra namna som no eventuelt vert vedtekne må kunngjerast med tilhøyrande klagerett.

Det er også kome inn klage på veg med adressekode 1683 - «Fureneset» frå bebuarar her og frå Nes og Kvammen Jaktfelt på veg med adressekode 1611 - «Roskevegen», men desse klagene vert handsama som i eigne saker.

Adressekode 1011 - Steiavegen

I klage frå Kartverket heiter det:

*«Stadnamntenesta peikte i si tilråding av 28.03.2019 på at gardsnamnet Steia er bunden eintalsform av eit svakt hokjønnsord, og kjem soleis på linje med «visa» av vise f. og «kråka» av kråke f. Når svake hokjønnsord står i samansetning, får dei binde-e, t.d. visebok og kråkereir, ikkje *visabok eller *kråkareir. Dei viser elles til at ein lokalt har tilsvarande binde-e i andre samansetningar med Steia, t.d. Steiefjellet og Steiestølskaret, og til at det står i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn at ein ««bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen». Skrivemåten bør vera Steievegen med -e- i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk og i tråd med tilsvarande samansetningar med dette gardsnamnet i kommunen»*

Rådmannen tilrødde «Stievegen» i sitt framlegg til vedtak i sak nr. FS-088/19. Dette ut frå tilrådingar frå Språkrådet og Kartverket i høyringsrunden.

Rådmannen tilrår at klaga frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Stievegen».

Adressekode 1607 - Sygnavegen

I klage frå Kartverket heiter det:

«Me viser her til høyringssvaret vårt til kommunen dagsett 02.04.2019, som me framleis står fast ved: «Dette namnet bør skrivast Sygnevegen i samsvar med tradisjonell samansetningsmåte for namnet Sygna. Namnet har e-fuge i samansetningar, jf. namn som Nedre og Øvre Sygnestølen, Sygnebotnen og Sygnefjellet. Dette kan òg samanliknast med Roske- i Roskevegen, som kommunen har føreslege som namn på vegen til Roska.»

Rådmannen tilrødde «Sygnevegen» i sitt framlegg til vedtak i sak nr. FS-088/19. Dette ut frå tilrådingar frå Språkrådet og Kartverket i høyringsrunden.

Rådmannen tilrår at klaga frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Sygnevegen».

Adressekode 1624 - Alvervegen

I klage frå Kartverket heiter det:

«Som Stadnamntenesta peikte på i si tilråding, er det Alvera med e som er registrert som tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR. I § 13 siste ledd i forskrift om stadnamn står det fylgjande: Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt stadnamnregister som godkjende skrivemåtar, skal ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som er prioritert i Sentralt stadnamnregister».

Rådmannen tilrådde «Alvervegen» i sitt framlegg til vedtak i sak nr. FS-088/19. Dette ut frå tilrådingar frå Språkrådet og Kartverket i høyringsrunden.

Rådmannen tilrår at klaga frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Alvervegen».

Adressekode 1630 - Følling

I klage frå Kartverket heiter det:

«Kommunen skriv i saksutgreiinga at det er eit sterkt ynske hjå grunneigarane og innbyggjarane der om skrivemåten Følling, og at det er den skrivemåten som vert nytta i daglegtalen. Dersom kommunen meiner at Følling er rett skrivemåte på staden, må skrivemåten av gardsnamnet («det opphavlege namneobjektet») fastsetjast fyrst, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn: I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. Kartverket klagar her på saksgangen, jf. § 8 femte ledd i forskrifta, og på at skrivemåten ikkje fylgjer primærnamnet, jf. § 4 tredje ledd i lova, men utan at me tek stilling no til kva som er rett skrivemåte etter ei ev. namnesak».

Rådmannen tilrår å ikkje ta klaga frå Kartverket til følgje.

Det vert vektlagt av bebruarane som soknar til vegen har sterkt ynskje om at Følling vert namn på adresseparsellen og at det er dette namnet som vert nytta av grunneigarar og bebruarar som etternamn og daglegtale.

Bygdeboka for Gaular, band 4, som omhandlar gardar og folk i Viksdalen sokn, omtalar bnr. 13 som Følling.

Det går elles fram av matrikkelen at bnr. 1 og bnr. 2 har bruksnamnet Følling, mens bnr 3 og bnr. 4 har namnet Fyling Indre. Bnr. 5 har bruksnamnet Fylingsøren.

Namnet Fyling vil etter rådmannen si vurdering verke framande og til dels misvisande med hensyn til adressering.

Følling bru er også godkjent og tilrådd som skrivemåte, men det er usikkert korleis denne registreringa har funne stad.

Adressekode 1631 - Tjønnelandsvegen

I klage frå Kartverket heiter det:

«*Tjørnaland* står som godkjend og tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR. Me viser elles til merknadene til adressenamnet *Følling*.»

Språkrådet og Kartverket hadde i høyringsrunden merknad om at namnet bør skrivast «Tjørnalsvegen».

Rådmannen tilrår at klaga frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Tjørnalsvegen».

Adressekode 1639 - Kapstad

I klage frå Kartverket heiter det:

«*Kappstad* står som tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR. Me viser elles til merknadene våre til adressenamnet *Følling*.»

Rådmannen tilrår å ikkje ta klaga frå Kartverket til følgje.

Kapstad (med ein -p-) er etter det rådmannen kjenner til i bruk av alle eigarar av bruk med namnet Kapstad i Gaular.

Bygdeboka for Gaular band VIb, som omhandlar gardar og folk i Bygstad sokn, omtalar bnr. 129 som Kapstad (med ein -p-).

Grunneigarar og andre nyttar Kapstad (med ein -p-) som etternamn.

Namnet Kappstad (med to -p-) vil etter rådmannen si vurdering verke framande og er etter det kommunen kjenner til ikkje i bruk.

Adressekode 1653 - Grøvlebakke

I klage frå Kartverket heiter det:

«*Gryvlebakken* står som tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR. Me viser elles til merknadene våre til adressenamnet *Følling*.»

Rådmannen tilrår å ikkje ta klaga frå Kartverket til følgje.

Bygdeboka for Gaular band V, som omhandlar gardar og folk i Sande sokn, omtalar bnr. 71 som Grøvlebakke.

Etter rådmannen sitt syn vil «Gryvlebakken» verke framande og til dels misvisande i adressesamanheng.

Adressekode 1658 - Løvfall

I klage frå Kartverket heiter det:

«*Løvfall* står som tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR. Me viser elles til merknadene våre til adressenamnet *Følling*.»

Rådmannen tilrår «Løvfall» i sitt framlegg til vedtak i sak nr. FS-088/19.

Det kom i høyringsrunden ikkje inn merknad til dette namneforslaget.

Rådmannen tilrår at klagen frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Løvfall».

Adressekode 1665 - Hovslåttsvegen

I klage frå Kartverket heiter det:

«Primærnamnet her er Hovslåttene, og me ville venta samansetningsmåten Hovslåttevegen i dette namnet, jf. tilsvarende samansetningar som Slåttebakkane og andre stader i kommunen. Stadnamntenesta har ikkje fått vurdert den vedtekne skrivemåten, slik dei skal før vedtak, jf. § 9 i lov om stadnamn. Dersom Stadnamntenesta tilrår Hovslåttsvegen, vil me trekkja klaga for dette namnet»

Skrivemåten for namnet «Hovslåttsvegen» har ikkje vore til uttale hjå Språkrådet før vedtaket i formannskapet i sak nr. FS-088/19 den 13.06.2019.

Språkrådet skal ha namneforslaga til uttale før kommunalt vedtak og vi har derfor i samsvar med dette vore i kontakt med Språkrådet om skrivemåten.

I samsvar med telefonsamtale med Språkrådet v/Kjell Erik Steinbru den 14.08.2019, så vert det tilrådd skrivemåten Hovslåttevegen.

Rådmannen tilrår ut frå dette at skrivemåten vert «Hovslåttevegen».

Adressekode 1679 - Andetjønnsvegen

I klage frå Kartverket heiter det:

«Andetjørna står som einaste godkjende skrivemåte av primærnamnet i SSR. Dersom kommunen vil ha vurdert ein annan skrivemåte, må de fyrst reisa namnesak for naturnamnet, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn».

Rådmannen tilrådde «Andetjørnsvegen» i sitt framlegg til vedtak i sak nr. FS-088/19. Dette ut frå tilrådingar frå Språkrådet og Kartverket i høyringsrunden.

Rådmannen tilrår at klagen frå Kartverket vert teke til følgje og at skrivemåten vert «Andetjørnsvegen».

Adressekode 1686 - Hatlestad

I klage frå Kartverket heiter det:

«Her står Halstad som godkjend og tilrådd skrivemåte. Men Hatlestad ser ut til å ha sterkast skriftradisjon, og står nærmare det trulege opphavet til namnet. Kartverket varslar med dette at me reiser namnesak for dette namnet, slik at det kan vurderast kva skrivemåte som skal nyttast vidare i offentleg bruk. Me klagar formelt på adressevedtaket om Hatlestad sidan Halstad i dag står som tilrådd skrivemåte av gardsnamnet i SSR, men utan at me no tek stilling til kva skrivemåte namnet bør ha».

Kartverket varslar i dette tilfellet om at dei reiser namnesak for skrivemåten for Hatlestad

Rådmannen er samd i at det må reisast namnesak.

Dette inneber at adresseringa for denne vegstrekninga må utsettast til namnesaka er avgjort.

Rådmannen gjer merksam på at vegadressering tilknytta dei adresseparsellane

(vegane) som ikkje har fått endeleg vedtekne namn, må utsettast til slik avgjer er gjort.

Dag Ripe
rådmann

Dag Ripe
rådmann